



Takk for 28 gode år!

Torbjørn Fjøren går av med pensjon

SIDE 4



➤ Helge Unneland vert pensjonist SIDE 6



➤ Musikalen visst skal våren komme SIDE 8

Fjell kyrkjeblad

Fjell kyrkjeblad kjem ut 6 gongar i året og kostar kr 200,- pr. år.
For utanbygds: kr 250,-.


Utgjevar:  **DEN NORSKE KYRKJA**
Fjell kyrkjelege fellestråd

Ansvarleg redaktør: Olav Martin Vik

Grafisk utforming: Yngvild Mørner Sørheim

Framsidedeilete: Torbjørn Fjøren
Foto: Yngvild Mørner Sørheim

Trykk: Bodoni AS

 Miljømerket trykksak 2041 0699

Kontaktinformasjon

Adresse: Fjell kyrkjelege fellestråd,
Postboks 184, 5342 Straume

Besøksadresse: Fjell kyrkjekontor,
Tytebærbrekko 2, Temahuset

Telefon: 55 09 74 40

Ekspedisjonstid alle kvardagar: 10.00–14.00

E-post: post.kyrkja@fjell.kommune.no

Nettsider: www.kyrkja.no/fjell
www.kyrkja.no/t-dagen

Bankgiro

Fjell kyrkjeblad: 1503.84.37590

Fjell kyrkjelege fellestråd: 1503.84.35067

Innleveringsfrist

for annonsar, artiklar og kunngjeringar
til neste nummer av Fjell kyrkjeblad:
13. august 2019

Leiar

Olav Martin Vik

Kyrkjeverje og redaktør



Det er kyrkjeval i år. Valdagen er måndag 9. september. Lokale for kyrkjevalet vert også denne gongen i nærleiken av lokala for kommune- og fylkestingsvalet. Informasjon om vallokale og opningstider finn du i dette bladet. Du kan også førehandsrøyste på våre kyrkjekontor i Fjell, Sund og Øygarden. Listekandidatane vert nærare presentert i neste nummer av kyrkjebladet. Det er flott å sjå alle som stiller til val. Det er óg mange frivillige medarbeidarar som tek eit tak slik at kyrkjevalet kan gjennomførast.

Eg nyttar høvet no til å takke kommunane Fjell, Sund og Øygarden for samarbeidet inn i 2019. Me har fleire store tiltak i prosess; - me byggjer ny gravplass på Landro, i Øygarden er Hjelme gamle kyrkje rehabilitert og Blomvåg gravplass er heva for gravlegging i dobbel

høgde. I Sund vil orgla i Kausland og Sund kyrkjer gjennomgå eit større vedlikehald. Det er store kostnader med desse tiltaka og dei skal planleggjast og gjennomførast. Dette skjer i eit nært samarbeid mellom oss og kommunane.

Arbeidet med å slå saman fellestrådsområda Fjell, Sund og Øygarden er i all hovudsak i rute. Me går no inn i ein periode med mange detaljar som må arbeidast med og ein del større oppgåver av administrativ karakter. Me kjem med ein større presentasjon av opplegget i slik det vert i det nye fellestrådsområdet. Den presentasjonen kjem i kyrkjebladet i haust.

Ha ein fin sommar.

Kyrkjekontoret si ekspedisjonstid

I perioden 13.08.–06.09.2019
(veke 33, 34, 35 og 36)

Kontoret er ope tysdag, onsdag og torsdag mellom kl. 10.00–14.00.

Kyrkjevalet 2019 – førehandsrøysting på kyrkjekontoret

Kyrkjekontoret i Fjell, Tytebærbrekko 2, 5342 Straume (Temahuset)
tysdag, onsdag og torsdag mellom kl. 10.00 og kl. 14.00 i perioden 13.08.–06.09.2019 (veke 33, 34, 35 og 36).

Helge Unneland

Prostiprest



²³Jesus sa: «Den som elsker meg, held fast på ordet mitt. Og den som elsker meg, skal Far min elska, og vi skal koma og ta bustad hos han. ²⁴Den som ikkje elsker meg, held ikkje fast på orda mine. Og ordet de høyrer, er ikkje frå meg, men frå Far, han som har sendt meg. ²⁵Dette har eg sagt dykk medan eg enno er hos dykk. ²⁶Men Talsmannen, Den heilage ande, som Far skal senda i mitt namn, han skal læra dykk alt og minna dykk på alt det eg har sagt dykk. ²⁷Fred etterlèt eg dykk, min fred gjev eg dykk. Eg gjev dykk ikkje fred på same måten som verda gjer det. Lat ikkje hjartet dykkar uroast, og ver ikkje motlause! ²⁸De høyrde at eg sa: Eg går bort, og eg kjem til dykk att. Elska de meg, så glede de dykk over at eg går til Far, for Far er større enn eg.

²⁹No har eg sagt dykk dette før det hender, så de skal tru når det hender.


Joh 14, 23-29

Pinsehøgtida handlar om Den heilage Ande som leier oss til Ordet som gjev glede, håp og fred. Det finns ei tru for din tørst. Det finns nåde for din naud. Det er innhaldet i pinse-evangeliet. Kristen tru handlar ikkje om å ta seg saman, men om å ta imot. Om å åpne seg. At det tomme livet kan fyllast. «Drikk dykk ikkje fulle av vin, det fører til utskeiing, men bli fylte av Anden» – skriv apostelen Paulus (Ef 5,18). «Ande» heiter på latin «spiritus» og det vert som kjent assosiert med noko heilt anna på norsk. Fyll og fylde vert motpolar. «Veni spiritus Sancti» heiter det på latin. «Kom, Ande med din skaparmakt, og reis det synd har øydelagt, og fred og fryd i nåde giv kvart hjarte du har vakt til liv!»

Anden har kome til oss ned - for å gje oss glede, håp og fred!

Innhald

Torbjørn Fjøren	4–5
Helge Unneland	6–7
Kyrkjevalet 2019	8
Minneord etter Terje	9
Visst skal våren komme	10
Flott formiddag i Fjell	12
Konfirmant 2020	13
T-dagane	14–15



Illustrasjonsfoto: Unsplash



Minnehuset

29. mai blei det ei verdig minne-markering for helikopterulukka ved Turøy 2016. Pårørende hadde møtt fram saman med mykje bygdefolk og representantar frå naudetatar og div. hjelpemannskap. Ved minnesteinen, utforma av kunstnar Arne Mæland, deltok ordførarane i Sund, Fjell og Øygarden saman med sokneprestane i Sund og Øygarden. Saman med vakker song og musikk vart dei 13 namna på dei omkomne lesne, og ei rose vart festa på kvar enkelt namneplate. Minnene lever vidare også gjennom Mæland sitt kunstverk: «The house of memories» der gullvindaugene lyser i mørket.

Torbjørn Fjøren går av med pensjon

I høve av at diakonen i Fjell går av med pensjon, har Fjell kyrkjeblad gjort eit intervju med Torbjørn. I intervjuet kjem det fram at Torbjørn har sett på arbeidet som eit kall. Han gir også uttrykk for at unge menneske bør søke utdanning som diakon, fordi ein i dette arbeidet får bruke seg sjølv til å hjelpe menneske i ulike situasjoner.

TEKST: OLAV MARTIN VIK
FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM

Kvifor utdanna du deg til diakon, var det eit kall?

Heilt frå eg var 15–16 år visste eg at eg ville ha eit omsorgsyrke, og for meg var det då naturleg å velja sjukepleiarutdanning. I denne tida fekk eg og kunnskap om diakoni og då var det naturleg velja diakoniutdanning som gav meg kunnskap om korleis eg kan vera til hjelp for heile mennesket både med lekam, sjel, ånd. Eg var ein kristen denne gongen og, så du kan kanskje seia at det var eit kall til teneste for heile menneske.

Kvifor søkte du deg til Fjell?

I 12 år arbeidde eg som sjukepleiar i ulike stillingar innan heimesjukepleie og eldreomsorg. På eit tidspunkt hadde eg trong for å gjera noko anna. Då kom tanken om at tida var inne for å søkja ei diakonstilling og få praktisere denne delen av utdanninga mi. På den tida var det ikkje så mange stillinga for diakonar, men det dukka opp ei stillingsutlysing for soknediakon i Fjell kommune. Vi budde i Molde så det vart ei vanskeleg avgjer å ta å flytte å flytte heile familien til ein ukjent plass for at eg skulle få meg ny jobb.



Korleis har det vore å arbeide som diakon i Fjell?

I løpet av dei 28 åra eg har vore her, så har eg av og til vurdert om eg skulle skifte arbeidsplass, men kvar gong eg har eg kome til at, her trives eg og her eg vil vera. I arbeidet har eg fått mange utfordringar og eg har blitt vist stor tillit både frå arbeidsgjevaren (Fjell fellesråd), frå samarbeidspartnarar i Fjell kommune som kriseteam, palliativt team, psykiatritenesta o.a. Ikkje minst har eg opplevd stor tillit frå mange einskildpersonar i ulike livssituasjonar.

Tidleg vart det ein draum for meg å skape ein treffstad på Sartor storsenter. Då kyrkja i 2003 fekk utfordringa om å byggje opp eit ungdomstiltak på Sartor

storsenter i samarbeid med Fjell kommune og Sartor senter, vart dette realiseringa av denne draumen eg hadde. Det er kjekt å så sjå kva dette har blitt til etter 15 år. No er det både ein treffstad for ungdom, sykkelverkstad (Basecamp Repro) og Basecamp Redesign, eit tiltak der ein pussar opp møblar, syr klede og skapar nye produkt. Desse tiltaka gjev ungdom erfaring som kan motivere til skulegang eller gje erfaring dei kan bruke i arbeidslivet.

Eg kjenner på stor takksemd for oppgåvene eg har fått gå inn i, den tilliten eg har blitt vist og for den gode kontakten eg har fått med veldig mange menneske i Fjell. Alt det eg har fått vera med på, har gjort at arbeidet har vore meningsfullt og det har gjeve meg mykje.

Vil du rå unge menneske til å ta diakoniutdanning?

Eg vil på det varmaste rå unge menneske til å ta diakoniutdanning. Dette er ei utdanning som gjev oss kunnskap om korleis ta vare på heile mennesket, lekam, sjel og ånd. Å arbeide som diakon er veldig gjevande og i dette arbeidet får ein bruke seg sjølv til hjelp for menneske i ulike livssituasjonar. Ikkje minst får ein i ord og handling peike på Han som vi trur på, Jesus Kristus.

Kva vil du sakne når du no vert pensjonist?

Det eg trur eg kjem til å sakne mest er alle dei gode samtalane med menneske i ulike livssituasjonar. Dette har eg opplevd veldig gjevande og meningsfullt. Eg trur og at det vil verta eit sagn å ikkje høyra til ein stab der ein er opptatt av å ta forkynne Guds ord på ulike måtar og der

ein i fellesskap ønskjer å møte enkelt menneske og deira behov i ulike livssituasjonar.

Er det lov å spørje om du har planar for pensjonisttida?

Spørje kan du, men eg har ikkje noko godt svar. Eg har ingen spesielle planar for denne delen av livet. Først må eg kjenne på, og venne meg til at eg er ute av arbeidslivet, så tenkjer eg at det vil vera oppgåver som eg kan gå inn i der eg kan få bruke mine evner og nådegåver og som pensjonist. Etter som eg høyrer så har pensjonistane meir enn nok å gjera, så vi får sjå kva framtida vil bringe.

**Velkommen til avskjeds-
gudsteneste for Torbjørn Fjøren
2. juni kl. 11.00 i Fjell kyrkje! Det
blir kyrjekaffi etter gudstenesta.**

Nr. 7 - September 1991 - 50. årgang

KYRKJEBLAD FOR FJELL



"Historisk dag" i Fjell kyrkje

Søndag 18. august kunne Fjell kyrkjelyd ønska velkomen soknediakon **Torbjørn Fjøren** – den første soknediakonen i kyrkjelyden vår. Det var ein hogtidedeleg augneblink då kyrkjedørene gjekk opp og prosesjonen kom inn, leia av kateketen med den vake prosesjonskrossen. Så fylgde soknediakon og soknerådsformann, prestane i Fjell, diakon Harald Hatlevik frå diakonforbundet, diakon Ivar August Bye frå Haraldsplass, fungerande prost Roar Strømme og til slutt Bjørgvin biskop, Per Lønning.

Det var biskop Lønning som hadde preika. Teksten for dagen var forteljinga i Markusevangeliet om då Jesus lækte ein døvstum mann (Mark. 7, 31-38). – Jesus brukte her det arameiske ordet "Effata" (lat deg opp). – "Lat deg opp!" – dette seier Jesus til heile mennesket, og han seier det til oss i dag. Han ønskjer å koma oss til hjelp i både andeleg og lekamleg nød.



Det som deltok ved vigslingsgudstenesta for soknediakonen. Framme frå venstre: Olav Kristoffersen, Harald Hatlevik, biskop Per Lønning, Torbjørn Fjøren, Sverre Martensen. Bak frå venstre: Aadun Systad, jung, prost Roar Strømme, Ivar August Bye, Morten Nygaard, Trygve Østebø.

Foto: Håkon Lie

Skal han kunne det – må vi opna oss for han. – Jesus minner oss sterkt om at også vi skal hjelpe vår neste i vanskar og motgang. Så denne teksten høver på diakonienesta, som vi på ein heilt spesiell måte var samla om denne søndagen.

Etter preika følgde framstilling og vigsling av soknediakon Torbjørn Fjøren. Her tok soknerådsformann, prestane og diakonane del. Handlinga vart avslutta med formaning og løvnd, handspløging med forben og overdraging av tenesta. – Som kyrkjelyd vart vi og minne om det medansvaret vi har, både innan diakonienesta og overfor den nye arbeidarar i kyrkjelyden.

Etter nattverd og sluttsalme bar soknediakon Fjøren fram ei helsing til kyrkjelyden, før prosesjonen gjekk ut.

Framhald s. 2

Familien Fjøren på kyrjekaffi etter vigslinga. Ramnveig, Mildred, Torbjørn og Vegard. Torbjørn loka ute då biletet vart teke. Oddmund Fjøren, far til Torbjørn, ved bordet i framgrunnen. Foto: Eva Lotsberg

Det vart eit stort framside-oppslag i Fjell kyrkjeblad då Torbjørn Fjøren vart vigsla i Fjell kyrkje 18. august 1991.

Takk Torbjørn!

Når vår gode soknediakon Torbjørn Jarle Fjøren går av med pensjon den 31. juli, har han vore tilsett i kyrkja i Fjell i heile 28 år.

I alle desse åra har den gode samtalen vore ein av Torbjørn sine viktigaste arbeidsreiskapar. Både gjennom besøksteneste, på kyrkjebenken, i sjelesorgsamtalar, i sorgarbeid og når krise har ramma, har menneske i Fjell fått oppleve ein diakon som er trygg og til stades i samtalen.

Gjennom arbeidet i kriseteam og palliativt team i Fjell kommune, som medlem av styret i Fjell Diakoniat og gjennom samarbeidet i Vesthordland prosti har mange nytt godt av Torbjørn sitt diakonale engasjement. Han har vore ein pådrivar for det ungdomsdiakonale tiltaket Basecamp, der han òg har vore styreleiar frå starten av.

Vi takkar Torbjørn for at han gjennom alle sine år i Fjell har hatt fokus på å vise Guds kjærleik i praktisk handling til medmenneske. Takk for all omsorg du har vist i tenesta di, for tida du har gitt, og for at du alltid har vore ekte og til stades i møte med menneske!

Vi ønskjer deg lukke til som pensjonist!

Dag-Olav Bjørøy
Fellesrådsleiar

Helge Unneland vert pensjonist

Prostiprest Helge Unneland sluttar i tenesta og vert pensjonist. Fjell kyrkjeblad har i høve dette, gjort eit intervju med Helge. Sjølv om han no sluttar i aktiv teneste, gjeld ordinasjonen og identiteten som prest vidare.

TEKST: OLAV MARTIN VIK

FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM



Kvifor valde du å verte prest? Var det ei kall frå Gud?

Å studere teologi, med tanke på å presteteneste, var både eit ytre og eit indre kall. Det var stor prestemangel i Den norske kyrkja på den tida då eg var ferdig på gymnaset i 1970. Det kan likne litt på situasjonen i dag! Eg var med i eit stort ungdomsmiljø,

knytt til kyrkjelyden Slettebakken i Bergen. Vi hadde ein ung prest – Njål Klevberg, som utfordra fleire til å overta «stafettpinnen» for dei som då slutta i si teneste. Denne tida var byen prega av «Jesusvekkelsen» og mange unge fann sin plass i det kristne fellesskapet. Korskirken kunne vere stappfull på «gospelnights». Vi

kjende oss utfordra til å vere frimodige kristne i kvardagen og vinne nye menneske for Kristus.

Vart prestetenesta slik du hadde sett den for deg? Ville du gjort det om att?

Eg var heldig som hadde gode førebilete for prestetenesta og levde nær

HELGE SI TENESTETID

- Vart ordinert til feltprestteneste i Luftforsvaret 01.07.1979
- Var leirstadstyrar på Åpta misjonscenter (NMS) 1981
- Res.kap i Odda - busett i Tyssedal 1982–87
- Industriarbeidar Lista aluminiumverk 1987 (+ vikarprest)
- Sokneprest Lista/Farsund 1989–1998
- Feltprest/major i SFOR – Bosnia 1997
- Forstander Sta.Sunniva studenthjem 1998–2009
- Sokneprest i Sund 2010–2012
- Prostiprest i Vesthordland 2013–

den lokale presten og tenesta hans i heile gymnastida. Eg visste kva eg gjekk til, og vart glad i gudstenesta med den faste liturgien, forkynning og sakrament. For meg vart ungdomstida ein kombinasjon av det meir frie og spontane i ungdomsarbeidet og – samstundes det å kople seg på dei lange, slitesterke tradisjonane med salmesong og liturgi i gudstenesta. Eg var kyrkjetenar i Fagerborg kirke under heile studietida i Oslo. Det vart som ein lang praksisperiode ved sida av studier på Menighetsfakultetet. Her møtte eg også organistar som stod sentralt i den kyrkjemusikalske fornyinga som opna opp for gudstenesteglede. Eg vart ein del av Bøne- og arbeidsfelleskapen Kyrkjeleg Fornying som har vore til stor inspirasjon for mi teneste. Eg ville vald same teneste om eg var ung i dag, og har sjølv utfordra unge til å gjere dette valet. Vi vil ikkje berre «overleve», men «overlevere» den budskapet som er overlevert «ein gong for alle».

Korleis har det vore å arbeide som prest i så mange år som du har gjort?

1. juli i år er det 40 år sidan eg vart ordinert til presteteneste i Domkirken i Bergen. På den tida var Thor With biskop. Det har skjedd mykje i Den norske kyrkja på desse førti åra. Eg gav mitt løfte med håndslag til biskopen den gongen – og står for det eg lova den gong. Samstundes har mykje i kyrkja endra seg. Som «statskyrkje» var det politiske presset og styringsviljen stor. Presset på dei som held fast på tidlause sanningar har vore stort, og store delar av prestskapet er meir og mindre marginalisert. Ein er tolt, men det er ingen veg til leiande posisjonar for «gamaltruande». I mitt sjølvbilete er eg ikkje mellom dei som er «hindra». Eg har vore som ein «landsens sokneprest», – og i møte med folk i sorg og krise, på livets glade merkedagar, blant unge konfirmantar – er ikkje det første folk spør om – «kva du er imot». Eg har stort sett opplevd positive tilbakemeldingar på mi teneste, og det gjev ny energi. Samstundes må ein vere open for konstruktiv kritikk. Men kyrkja sin basis står fast. Det er Bibel og vedkjenning. Det er ikkje folket si kyrkje – det er Jesu Kristi kyrkje! Å vere folkekyrkje er ein intensjon, ikkje en definisjon. Vi er der som kyrkje for folket – med evangeliet.

Kva vil du sakne når du no vert pensjonist?

Eg vert pensjonist, men eg har truleg ikkje halde mi siste messe. Ordinasjonen og identiteten som prest gjeld framleis og eg kjem til å vere «ledig på torget» der ein treng vikartenester. Eg kjem uansett til framleis å vere i ei kyrkje på sundagane og oppleve gudstenesta frå kyrkjenbenken. (Og kan hende oppleve saknet av å vere liturg?) Det har også vore eit privilegium å få arbeide med bibellesing som førebuing til forkynning av evangeliet. Eg vonar eg framleis vil søkje denne kjelda, om eg ikkje er «på jobb» (eit

uttrykk som eg ikkje likar om prestenesta). Den danske diktarpresten Kai Munk sa: «Du skal gå til kyrkje for Guds skyld, for kyrkjelyden si skuld og for di eiga skuld». (Og då er ikkje presten nemd!)

Er det lov å spørje om du har planar for pensjonisttida?

Eg må nok skaffe meg ein hobby! Eg går ut frå at det vert meir tid til barneborna – sju i talet, og meir tid til mange uleste bøker. Så er eg utfordra til å vere frivillig i Bergen kristne bokhandel (BKB) ein dag i veka. Vi har leilegheit i Bergen og eit hus på Lista (der eg gjorde teneste i tilsaman femten år) og vil nok forlenge «sesongen» der sør og stelle potetåkeren og grønnsakshagen. (Og kanskje begynne med bikuber?)

Velkommen til avskjedsgudsteneste for Helge Unneland 16. juni kl. 11.00 i Hjelme kyrkje! Det blir kyrkjekaffi etter gudstenesta.

Helge Unneland har lagt ned mykje arbeid i vårt prosti. Han har utøvd si teneste med flid og pågangsmot. I alt Hege gjer, skin det igjennom at han ønskjer å bringe evangeliet nær til dei han møter. Han har hatt med seg stor respekt og audmjukheit for Gud og menneske i tenesta si. Me takkar han og ynskjer han Guds signing for den vidare tenesta i Guds rike.

Espen Tveten
Fungerande prost

Kyrkje- valet 2019

Førehandsrøysting Fjell, Foldnes og Landro sokn (Fjell fellesrådsområde)

Kyrkjekontoret i Fjell, Tytebærbrekko 2, 5342 Straume (Temahuset) tysdag, onsdag og torsdag mellom kl. 10.00 og kl. 14.00 i perioden 13.08.–06.09.2019 (veke 33, 34, 35 og 36).

Foldnes kyrkje søndag 1. september 2019

Etter gudstenesta kl. 11.00 og fram til kl. 13.15 (gjeld for Foldnes sokn).

Ambulerande røysting i Fjell sokn

Denne ordninga gjeld for sjuke eller uføre som ikkje kan ta seg fram til lokale for førehandsrøysting eller på valdagen. To røystemottakarar kjem heim til den som har søkt og fått godkjent slik røysting. Søknad om ambulerande røysting må sendast skriftleg til Fjell kyrkjekontor, postboks 184, 5342 Straume eller på e-post: post.kyrkja@fjell.kommune.no innan tysdag 3. september 2019 kl. 12.00. Søknaden må vere grunngiven.

Det vert gitt ein nærare presentasjon av kandidatane til soknerådsvalet i neste nummer av Fjell kyrkjeblad. Informasjon om val til bispedømmerådet kjem også i neste nummer, som kjem ut rett før kyrkjevalet.

Valdagen er måndag 9. september 2019. Vallokala er opne mellom kl. 09.00 og kl. 21.00.

Fjell sokn

Krins:	Stad:
Ulveset	Ulveset skule
Skålvika	Skålvik skule
Kolltveit	Bildøyhallen

Foldnes sokn

Krins:	Stad:
Foldnes	Foldnes skule
Brattholmen	Brattholmen skule
Bjørøyna	Bjørøy skule
Hjelteryggen	Hjelteryggen skule

Landro sokn

Krins:	Stad:
Ågotnes	Ågotnes skule/ Ågotneshallen

I Landro sokn kan ein også røyste søndag 8. september etter gudstenesta i Lando kyrkje mellom kl. 12.30–13.30.

Nominasjonskomiteane sine listeforslag til kyrkjevalet i 2019

Kandidatane i prioritert rekkefølge:

Fjell sokn

1. Jorunn Småbrekke Gjersvik, f. 1949
2. Hans Kristian Hornnes, f. 1967
3. Geir Roald Viken, f. 1968
4. Ragnhild Andersland, f. 1958
5. Søgne Lillevik Nilsen, f. 1972
6. Rachael Lorna Tufft, f. 1971
7. Kari Gangsø Aase, f. 1979
8. Helge Nilsen, f. 1966
9. Eigil Nødtvedt, f. 1949
10. Hildegunn Romarheim Heie, f. 1979
11. Anne Elisabeth Hornnes, f. 1967
12. Gyri Ann Lie, f. 1957
13. Arvid Nese, f. 1961

Foldnes sokn

1. Per-Helge Refvik, f. 1972
2. Astrid Aksnes Myskja, f. 1968
3. Hein Anders Kvalheim, f. 1966
4. Renate Olsen, f. 1977
5. Olav Ingard Fjeldstad, f. 1964
6. Janne Mo, f. 1964
7. Harald Rød, f. 1940
8. Gunnar Innerdal, f. 1983
9. Bjarne Skarestad, f. 1965
10. Ole Hamre, f. 1966
11. Bjørn Arvid Straume, f. 1940
12. Trond Høvik, f. 1962
13. Jan Terje Sønstabø, f. 1967

Landro sokn

1. Dag-Olav Bjørøy, f. 1957
2. Tove-Karin Lyngsmo Angelteveit, f. 1968
3. Heidi Ødegård Vik, f. 1981
4. Kjersti Langeland Angelteveit, f. 1967
5. Kjersti Berland, f. 1970
6. Hilde Olaug Tennebø Heggholmen, f. 1967
7. Sven Bech-Sørensen, f. 1974
8. Maryam Veisi, f. 1972
9. Arne Ingolf Lie, f. 1932
10. Trude Merethe Aadland Herner, f. 1963
11. Helga Arnlaug Ellingsen, f. 1944
12. Haldis Neset, f. 1940

Minneord etter Terje Aannerød



Det var med stor sorg vi fikk vite at sokneprest Terje Aannerød var død, bare 53 år gammel. Han sovnet inn natt til 26. mars i år.

Terje fikk en alvorlig kreftdiagnose tidlig i fjor høst. Men han var en utrettelig optimist, og hadde en utrolig evne til alltid å lete etter det positive. Det gjorde han også i tiden han var syk.

Terje Aannerød har satt dype spor i Fjell. Han begynte som en ung kapellan i 1994 – 28 år gammel. Seinere ble han sokneprest og fikk hele sin prestetjeneste her. Gjennom til sammen 25 år har flere generasjoner fått oppleve ham som sin prest.

Han var svært omgjengelig og fikk lett kontakt med mange mennesker. Han vil særlig bli husket for sin gode humor og lette omgangstone. Det var godt å være til stede på gudstjenestene han ledet, for han var både trygg og spontan.

Gjennom sin lange prestetjeneste i Fjell har han deltatt i, og tatt initiativ til mye av arbeidet som er knyttet til kirken. Han var en utpreget lagspiller.

I en årrekke var han også leder i lokallaget for prestenes fagforening. Videre var han innom Heimevernet som feltprest, og skulle denne våren fullføre videreutdanning som veileder for kirkelig ansatte.

Terje var også en viktig ressursperson med å tilrettelegge kirkelig virksomhet for mennesker med særskilte behov. Han hadde evner og interesser innfor mange felt. Han var belest, og kom ofte med gode anbefalinger av bøker og filmer.

Terje var også musikalsk, og satte seg gjerne ved pianoet, noe som var en fin ressurs i hans tjeneste. Terje hadde også frivillige engasjement utenfor kirken. Han var blant annet

engasjert som fotballtrener for flere guttelag i Sotra Sportsklubb. Han var en dyktig danser og en utmerket bordtennisspiller. Terje var sosial, og trivdes med mennesker.

Vi er mange som sørger over Terje sin bortgang. Han har betydd mye for menighetene og lokalsamfunnet. Terje var en nær kollega og venn. Han fant ofte rom til den gode samtalen, og hadde en egen evne til å skape god atmosfære rundt seg.

Vi er dypt takknemlige for at han var del av vårt fellesskap. Vi vil savne hans perspektiv og stemme i kirken.

Terje var stolt av familien sin, og ingen var i tvil om hvor viktige de nærmeste var for han. Nå tenker vi på familien og hans nærmeste. La oss huske dem i våre bønner!

Maria Tveten, Bjarte Nese



Musikalen Visst skal våren komme

Prosjektkor frå Sund, Sotra Reviderte og Øygardskoret, og musikarar framfører musikalen: *Visst skal våren komme* – songar om håp av Eivind Skeie og Sigvald Tveit.

TEKST OG FOTO: ANNE LISE GRØM

Musikalen hentar inspirasjon frå Johannes openberring i Bibelen, og tekstar derifrå er fletta inn mellom songane.

På øya Patmos sit Johannes, fengsla og fordriven frå heimlandet. Tidene er urolige, dei truande er truga på livet. Då får Johannes syner og openberringar. Han ser eit kosmisk drama falda seg ut, eit drama som handlar om dom og undergang.

Men Johannes er ikkje utan tru og håp, og i synene ser han óg ein ny

himmel og ei ny jord som skal stiga fram. Gjennom alt dette ser han den stor meister, som vert kalla Lammet. Det er Kristusvisjonen som held saman alle bileta og motiva i Openberringsboka.

Musikalen vil visa denne visjonen og håpet om framtida – som gir oss mot til å tru og leva.

Komponisten Sigvald Tveit døydde i januar. "Visst skal våren komme" er hans mest framførte verk. Han er og kjend for å ha komponert musikk til

barne-TV med m.a. seriane Portveien 2 og Sesam stasjon. Portveien 2 hadde 140 episodar på 80-talet. Sesam stasjon vart sendt på 90-talet. Eivind Skeie er prest og ein kjend salmediktar. Han var også med som tekstforfattar saman med Gudny Hagen i desse seriane i barne-TV.

Konserten er eit samarbeid mellom tre kommunar og tre prestegjeld som snart skal bli slått saman, og tre kor.

I april hadde vi musikalen i Sund og i Blomvåg kyrkjer.

Visst skal våren komme

Musikal av Eyvind Skeie
og Sigvald Tveit

Fjell kyrkje
Søndag 9. juni
kl. 19.00

Øygardskoret • Vokalensemblet Sotra Reviderte • Prosjektkor frå Sund
Dirigent - Anne Lise Grøm • Piano - Irina Tarasova • Klarinett - Pavel Girunyan
Bass - Thomas Linde Lossius • Solist - Ingjerd Johansen
Tekstlesing - Egil A. Sæle • Lyd - Bjarte Våge

Billett kr 200,-



DEN NORSKE KYRKJA

Sommerleirer på Wallemtunet 2019

Leir er spennende!

Bli med på lek og moro, grilling, fjellturer, fotball, volleyball, sporløp, spennende kubbspill-kamper og mye annen moro!

På leir treffer du gamle og nye venner. Det er godt fellesskap, aktiviteter og samlinger der vi får høre spennende fortellinger fra Bibelen.

Sommerleirene på Wallemtunet er et av årets store høydepunkter, for mange og leirstedet ligger i flotte naturomgivelser på Kvamskogen.

Sommerleir 7–10 år:

Mandag 24.–onsdag 26. juni

Pris: 700,-

Familieleir:

Fredag 28 juni–Søndag 30 juni

Pris voksen: kr. 700,-

Pris barn: 4–12 år kr. 500,-

0-3 år: Gratis

Meld dere på til:
bergen@sondagsskolen.no
eller telefon 907 72 703

Påmeldingsfrist er 13. juni 2019

Hjertelig velkommen!



En flott formiddag i kyrkja vår

Søndag 24. mars inviterte vi til familie- og misjons gudstjeneste i Fjell kyrkje.

Vi hadde i den anledning invitert en misjonær som heter Jeed Skjerpe og er ansatt i NMS.

Som kjent så har Fjell kyrkjelyd en misjonsavtale med NMS og Scool Support Laos.

I gudstjenesten ble det en "samtale-preik" mellom presten og Jeed. Et sterkt vitnesbyrd fra Jeed, om hvordan hun hadde møtte Jesus, i den lille landsbyen hun vokste opp i, nordøst i Thailand.

Under påfølgende kyrkjekaffi, fortalte hun om barnekirken i nærheten av Phibun, som NMS er med og driver. Der foregår det mye barnearbeid og bibelgrupper. Et av de viktige verktøyene som blir brukt, er en flanellograf som er gitt fra oss her i kyrkjelyden og Molde kyrkjelyd.

For å bruke Jeed sine egne ord: "Hvordan skulle jeg fått vite om Jesus, hvis det ikke var for at en kom til min lille landsby og fortalte om ham?"

Det tentes etterhvert et sterkt behov i henne til å fortelle andre om Jesus og om Hans kjærlighet og nåde til alle mennesker.

Hennes historie ble et sterkt møte med hva vi i Fjell kyrkjelyd får lov å

være med på, gjennom forbønn og gaver til det som skjer i Thailand.

Etter kyrkjekaffien var det årsmøte til NMS region Bjørgvin. De gav uttrykk for at det var flott for de å kunne besøke kyrkjelyden og på den måten få et innblikk i arbeidet vårt.

*Hilsen misjonskontakten i Fjell
Rønnaug Fjøren.*



Jeed Skjerpe forteller om NMS sitt arbeid i Thailand.

**Basar i Fjell kyrkelydshus
laurdag 26.10.2019 kl. 16.00**



Loved

Konfirmant 2020

Vi vil med glede invitere deg som er fødd i 2005 til ei spanande konfirmantstid i Fjell, Foldnes og Landro sokn skuleåret 2019/2020! I konfirmanttida får du mellom anna ta del i engasjerande undervisning, delta på artige ungdomsarrangement, bli kjend med nye folk og avslutte året med ein flott konfirmasjonsdag!

Fjell kyrkje

Laurdag 2. mai: Ulveset – Tellnes – Skålevik (Algrøy/Syltøy)
Søndag 3. mai: Kolltveit (Ekerhovd) – Knappskog

Foldnes kyrkje

Laurdag 2. mai: Foldnes
Søndag 3. mai: Bjørøy – Brattholmen
Laurdag 9. mai: Hjelteryggen – Liljevatnet

Landro kyrkje

Laurdag 9. mai: Ågotnes – Misje – Spjeld
Søndag 10. mai: Landro

Påmelding innan 20. juni
Meir informasjon finn du på
www.kyrkja.no/fjell/konfirmant

Infomøte for nye konfirmantforeldre
torsdag 6. juni kl. 19.00 i Foldnes kyrkje



Tysdag 30. april var det T5-dag i Foldnes kyrkje. Små og store fekk på ulike vis høyre og sjå den fine likninga om gjetaren og sauane hans. Vi gler oss til å sjå dykk igjen på T6-dagen i 2020.

Invitasjon til T-dagar!

T7 Pilegrimsvandring

- Når:** Onsdag 14. august, kl. 08.30–16.00
Kor: Morland til Fjell kyrkje
Kva: Alle andreklassingar er velkomne til å bli med på ei kjempefin pilegrimsvandring langs «den gamle kyrkjevegen» frå Morland til Fjell kyrkje. Når vi kjem fram til kyrkja, blir det både samling, song, mat, film og mykje meir. Den siste halvtimen er foreldre, føresette og sysken velkomne til å bli med på ei stemningsfull pilegrimssamling i kyrkjerommet.



T6 Skulestartsdag

- Når:** 26., 27. og 28. august
Kor: Alle tre kyrkjene
Kva: Siste veka i august blir det T6-dag i alle de tre kyrkjene våre. Dette skjer måndag 26. august i Fjell kyrkje, tysdag 27. august i Foldnes kyrkje, og torsdag 28. august i Landro kyrkje. Alle fyrsteklassingane er velkomne (saman med ein føresett) til å møte Sakkeus og bli betre kjende med hans forteljing. Alle skal òg få ei fin T6-bok.



T4 Kyrkjeboka mi

- Når:** Søndag 1. september
Kor: Alle tre kyrkjene
Kva: Det blir familiegudsteneste med både bibelforteljing (om guten som hadde med seg matpakka si til Jesus), song, bokutdeling og kyrkjekaffi. Hjarteleg velkomen, til store og små og midt i mellom!



Påmelding

www.kyrkja.no/t-dagen

Fjell kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 2. juni	11:00	Gudsteneste	Vetle Karlsen Eide	Dåp	Kirkens bymisjon i Bergen
1. pinsedag 9. juni	11:00	Radiogudsteneste P7 Fam.	Helge Unneland	Nattverd	Amathea
Søndag 16. juni	11:00	Gudsteneste	Svenn Martinsen	Dåp	Kirkens Nødhjelp/Eige arbeid
Søndag 23. juni	11:00	Gudsteneste	Vetle Karlsen Eide	Dåp og nattverd	Kirkens SOS i Norge
Søndag 7. juli	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp og nattverd	
Søndag 28. juli	11:00	Gudsteneste	Maria Tveten	Dåp og nattverd	
Søndag 18. august	11:00	Gudsteneste	Kristin Hjertaker	Dåp og nattverd	
Søndag 25. august	11:00	Gudsteneste		Nattverd	

Foldnes kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 2. juni	11:00	Gudsteneste	Maria Tveten	Dåp og nattverd	Misjonsprosjekt med NMS i Thailand
1. pinsedag 9. juni	11:00	Gudsteneste	Vetle Karlsen Eide	Nattverd	Stefanusalliansen
Søndag 16. juni	11:00	Ung messe	Maria Tveten	Dåp og nattverd	Eige arbeid
Søndag 23. juni	11:00	Gudsteneste	Maria Tveten	Dåp og nattverd	
Søndag 30. juni	11:00	Gudsteneste	Kristin Hjertaker	Dåp	
Søndag 21. juli	11:00	Gudsteneste	Kristin Hjertaker	Dåp	
Søndag 11. august	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp og nattverd	
Søndag 18. august	11:00	Gudsteneste	Maria Tveten		
Søndag 25. august	19:00	Kveldsgudsteneste		Nattverd	

Landro kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
1. pinsedag 9. juni	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp	Himalpartner
Søndag 16. juni	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp og nattverd	Eige arbeid
Søndag 23. juni	11:00	Gudsteneste	Helge Unneland	Dåp og nattverd	Tro og medier
Søndag 14. juli	11:00	Gudsteneste	Kjetil Kringlebotn	Dåp og nattverd	Kristen Idrettskontakt KRIK
Søndag 4. august	11:00	Gudsteneste	Kristin Hjertaker	Dåp og nattverd	Eige arbeid
Søndag 18. august	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp og nattverd	Misjonsprosjekt NMS

Langøy

Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest
2. pinsedag 10. juni	12:00	Friluftsgudsteneste	Bjarte Nese
Søndag 25. august	11:00	Friluftsgudsteneste	Maria Tveten

Med atterhald om endringar. Sjå også www.kyrkja.no/fjell for gudstenesteoversikt.



Fjell kyrkje

Døyppte**17.03.2019**

Isabelle Fond Sørensen-Sælen
Stephan Fond Sørensen
Trym Elliot Sørø
Felix Angeltveit Larsen
Vanessa Ottesen Tellnes

07.04.2019

Oliver Grahl Sekkingstad
Maja Brekke Nygård

28.04.2019

Iben Ulveseth
Emil André Odland
Olivia Vågenes Golten

12.05.2019

Alice Dybdahl Flaskerud
Anne Sofie Turøy
Aksel Emil Aase Kvamme

Vigde**13.04.2019**

Edith Beate Eriksen og Dan Syvertsen

20.04.2019

Silje Christin Soltvedt Graave
og Chris Helland

27.04.2019

Isabelle Eide og Stian Hansen Husevåg

04.05.2019

Anja Helen Garvik og
Robert Bersaas Eide

Døde

Kåre Johan Algrøy	f. 1927
Kåre Svendsen	f. 1932
Terje Aannerød	f. 1966
Marit Karin Fredly	f. 1945
Målfrid Tellnes	f. 1929
Sverre Bjørnar Hagenes	f. 1958
Aud-Torunn Fjæreide	f. 1944
Björg Kolltveit	f. 1934
Karl Helge Watnedal	f. 1944
Åse Hove Spjeld	f. 1945
Ingvald Johan Nesse	f. 1934

Foldnes kyrkje

Døyppte**24.03.2019**

Sander Sangolt Hopsdal
Jenny Alden McIntyre

07.04.2019

Hermine Fjellhaug Indrebø
William Solberg Huseby
Oskar Emil Hordnes

13.04.2019

Rita Ådland Gulbrandsen

14.04.2019

Elena Jeanette Hellesø Hausvik
Felix Lygre
Erik Eltervåg

Døde

Eivind Berentsen	f. 1948
Jakob Straume	f. 1933
Wally Evensen	f. 1929
Kai Audun L. S. Lysvold	f. 1934
Alvhild Hjorteseith	f. 1933
Olaug Andersen	f. 1920
Sonja Johanne Kausland	f. 1943
Birgitte Skjerping Kallestad	f. 1995

Landro kyrkje

Døyppte**24.03.2019**

Enea Ulveseth Eikeland

07.04.2019

Nora Katrine Saltskår

Døde

Jørgen Karlof A. Michelsen	f. 1930
Jan Morten Trengereid	f. 1972
Karin Polly Meidell	f. 1938
Wenke Judith Langeland	f. 1942
Tove-Cecilie Dyrstad	f. 1985
Anna Solsvik	f. 1920

Vår Herre Jesus Kristus seier

"Eg er oppstoda og livet.

Den som trur på meg, skal

leve om han så døyr. Og

kvar den som trur på meg,

skal i all æve ikkje døy."

Joh. 11. 25-26

LØRDAG 01. JUNI

LOVE

KONSERT MED
TENSING LUKAS

Foldnes kirke
KI: 1800
Voksen: 100kr
Student(6-18): 50kr
Barn U6: 0kr

Sotra Omegn


BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en
tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 2, 5353 Straume
(samme hus som Vest-Nytt 2. etg.)



Gravferds

hjelpen

Vi kan hjelpe til med
rådgivning og tilrettelegging
ved begravelser og bisettelser.

Døgnvakt 55 27 28 29
www.gravferdshjelpen.no
Hagerupsvei 32X • 5093 Bergen



- koldtbord kr 229,- pr. pers
- snitter kr 25,-
- marsipankake 500,-



for bestilling ring 56333310/56334410
vi holder til på Kolltveit Kai



Leirstedet til IMF
Midthordland

- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling -
Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til
små og store anledninger -

Bursdagsarrangement

Tlf. 56 31 04 40

Fjell-ly leirsted

Møvikvn.193, 5357 FJELL. www.fjell-ly.no



Solstrands

Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra

Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

www.solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

VIRKE
GRAVFERD

Bergen Omegn

BEGRAVELSEHJELP

POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge
Polden



Espen
Polden



Heine
Polden



Cathrine
Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700

www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN

Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA

2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



-din el-kontakt

VESTGAR ELEKTRO

Westland Elektro AS
har fusjonert med
Vestgar Elektro AS

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit

T: 400 30 210 • E-post: post@vestgarelektro.no • www.vestgarelektro.no



BYGGESELSKAPET A/S

5357 FJELL

Tlf. 56 33 09 60 – Mob. 905 70 203

Fax. 56 32 08 75



Bjorgvin Døgnvakt 55 20 23 00
BEGRAVELSESBYRÅ www.bjorgvin-b.no

Seremoni etter pårørendes ønsker, med omtanke og verdighet.



ADVOKATGRUPPEN BERGEN

- Arv/gaver
- Familierett
- Testamenter/samboeravtaler
- Ektepakter
- Samlivsbrudd
- Kontrakter/kjøp- og salg
- Trafikkrett/transportrett



Advokatfullmektig
Bernhard Hauge

15 % rabatt til nye kunder fra Fjell og omegn.

Hjemmebesøk om ønskelig.

E-post: bernhard.hauge@agbergen.no

Tlf: 920 41 950 www.agbergen.no

Sandviksboder 1H, 5035 Bergen

GRAVMINNER

 **Løvaas
Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

www.lovaasnaturstein.no

- Snitter
- Koldtbord
- Selskapsmat
- Tapas • Kaker

Tlf. 56 33 11 50

Ny adresse:
Idrettsvegen 113 C

 **Royal
Cateringservice AS**

www.royal-cateringservice.no

Kontaktinfo

Soknerådsleiarane

Fjell sokneråd:

Anne Elisabeth Møvik Hornnes

e-post: aehornne@online.no

Foldnes sokneråd:

Per Helge Refvik

e-post: perhelgerefvik@msn.com

Landro sokneråd:

Dag-Olav Bjørøy

e-post: bjoroy@online.no

v:pps

Fjell kyrkjelege fellesråd: 82511

Foreningen Basecamp: 76162

Fjell kyrkje: 80304

Foldnes kyrkje: 76022

Landro kyrkje: 96889

Merk meldingen med føremål og dato

Takk for di gåve!

Sjelesorg og samtale

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med ein av oss:

Sokneprest Bjarte Nese	55 09 74 52
Sokneprest Maria Tveten	55 09 74 46/ 450 63 016
Soknediakon Torbjørn Fjøren	55 09 74 47/ 92 29 53 77
Ungdomsdiakon Jon Andreas Tjentland	994 68 870/ 905 16 472
Sentralbord	55 09 74 40

Får du ikkje Fjell kyrkjeblad?

Dersom du, eller nokon du kjenner, ikkje får Fjell kyrkjeblad i postkassen, er det viktig at vi får beskjed om dette slik at vi får retta opp i feilen.

Ta kontakt på telefon **55 09 74 40** eller post.kyrkja@fjell.kommune.no ved manglande levering.

Innleveringsfrist

for annonsar, artiklar og kunnngjerigar til neste nummer av Fjell kyrkjeblad:

13. august 2019

T1 babySong

Velkomen til babysong, lunsj, og fellesskap ein eller fleire av desse måndagane kl. 10.30–12.30!

3. juni i Foldnes kyrkje

19. august i Fjell kyrkje

23. september i Foldnes kyrkje

28. oktober i Landro kyrkje

25. november i Fjell kyrkje

9. desember i Foldnes kyrkje



Påmelding: www.kyrkja.no/t-dagen

Telefon: 930 64 205 (Elisabeth)



Barnekryssord

Returadresse:
Fjell kyrkjekontor
Postboks 184
5342 Straume



Vannrett:

1. Varmekilde
3. Pris i Haugesund
7. Etternavn
8. Dina Larsson
9. Tore Diesen
10. Månefase
11. To like
12. Adverb

Loddrett:

1. Sprekt hopp
2. Ukedag
3. Fugl
4. Vaskemiddel
5. Pastill
6. Jentenavn

Bli med i trekninga
av hamburger med
drikke og dessert for
4 personar på Burger
King Sartor!



Send inn kryssord til:

Fjell kyrkjekontor
PB 184, 5342 Straume
Merk konvolutten: Kryssord

Vinnar av Barnekryssord i nr. 2 – 2019:

Magnus Bergsvik
frå Fjell

Faste aktivitetar i kyrkjene

Du er hjarteleg velkomen til samlingar og aktivitetar!

Foldnes kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Søndagsskule:** Under fleire gudstenester i semesteret.
Blir annonsert. Kontakt: Maria Wergeland tlf. 924 08 805
- Bibel, bønn & lovsong:** Siste søndag kvar månad kl. 19.00.
Kontakt: Maria Tveten tlf. 55 09 74 46
- KM Kluzz:** Cirka ein tysdag i månaden kl. 16.30–18.30.
For heile familien.
Kontakt: Janne-Lin Fjeld Andersen tlf. 950 14 498
- RAMP:** Annankvar tysdag kl. 19.30. Inspirerende temakvelder
med husband og kaffi. Kontakt: Janne Mo tlf. 478 23 425
- Foldnes barnespel:** Annankvar tysdag kl. 17.30–18.45. For barn
i barneskulealder. Kontakt: Andrea Ådland tlf. 977 55 938
- Treff i Foldnes:** I kyrkjelydssalen første onsdag kvar månad
kl. 11.30–14.00. Varm mat, undervisning og
felleskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
- Lillelørdag:** For 5.–7. klasse, ein onsdag i månaden.
Kontakt: Maria Tveten tlf. 55 09 74 46
- Lukas Ten Sing:** Måndagar frå kl. 18.30. For deg som går i 8. klasse og
oppover. Kontakt: Renate Olsen tlf. 994 63 819
- Ungdomslaurdag:** Frå kl. 19.00–22.30, for deg som går i 8. klasse og
oppover. Kontakt: Rannveig Vestbøstad Vik tlf. 415 07 011
- Mannsgruppa:** Ein torsdag i månaden. Temakvelder, turar og godt
lag. Kontakt: Morten Nygaard tlf. 924 82 896
- Basargruppa:** Ein torsdag i månaden.
Kontakt: Toril Herdlevær Kvalheim tlf. 907 29 222

Fjell kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Søndagsskule:** Under fleire gudstenester i semesteret.
Blir annonsert. Kontakt: Torun Svennevik tlf. 976 71 161
- Retreatkvelder:** Cirka ein onsdag i månaden kl. 20.00.
Tekstlesing, musikk og bøn.
Kontaktperson: Anne Ludvigsen Kaldestad tlf. 971 42 176
- Tweensklubben:** Annankvar fredag kl. 19.00–21.00.
For deg som går i 5. klasse og oppover.
Kontakt: Søgne Lillevik Nielsen tlf. 975 46 646
- Vokalensemblat
Sotra reviderte:** For alle som vil syngje i a cappellakor,
tysdagar kl. 19.00–21.30.
Kontakt: Tor Amund Gjersvik tlf. 908 62 603
- Fjell kyrkjebrass:** Om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag
kl. 20.00–21.30. Kontakt: Olav Sørheim tlf. 926 15 988
- Fjell barne-
og tweenskor:** Barnekoret øver annankvar tysdag (oddetalsveker)
kl. 17.30–18.30. Kontakt: Kari H. Mortensen tlf. 411 22 323.
Tweenskoret øver annankvar tysdag (oddetalsveker)
kl. 18.00–19.00. Kontakt: Maria Tveten tlf. 450 63 016

Landro kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Onsdagsmøte:** I kyrkjelydssalen kl. 19.30 kvar fjortande dag.
Tale, lovsong og sosialt samvere.
Kontakt: Torbjørn Fjøren tlf. 55 09 74 47
- Taco-fredag:** Ein gong i månaden kl. 17.00–19.00.
For heile familien. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 55 09 74 52
- Nordre Fjell
Barnekor:** 1.–4. klasse, kl. 17.30–18.35 kvar tysdag.
- Tweenskor:** 5.–8. klasse, kl. 18.40–19.45 kvar tysdag.
Kontakt: Eline Olsen tlf. 906 05 332
- Treff i Landro:** I kyrkjelydssalen siste onsdag i månaden kl. 11.30–14.00.
Felleskap med god mat, undervisning og song.
Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
- Landroklubben:** I kyrkjelydssalen annankvar fredag kl. 18.30–22.30.
8. klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 55 09 74 52

Namn:.....

Adresse:.....

.....